



Til helga er dei klart til å starta julesesongen på Vertshuset. Det er ope både fredag og lørdag kveld, og Røsland & co kan frista med både musikk og spennande tradisjonsrik meny.

Søndagane fram til jul er det planlagt familiesøndagar. Då fristar Vertshuset med julebuffet, peiskos, god musikk, gløgg og "juleverksted" for dei små. I tillegg er det planlagt julebord i adventshelgane. Vertshuset vil gjera sitt til at uskedelingar og andre skal koma i den rette stemninga i god tid før julehøgtida set inn.